



adresseliste

Grensejustering i Norddal kommune - høyring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggerinitiativ med søknad om grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune. Bygdene Norddal og Eidsdal omfattar grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal.

I samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova sendte Fylkesmannen søknaden til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare saksbehandling. Vi fekk deretter i brev frå KMD oppdrag om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal.

Fylkesmannen har gjennomført oppstartsmøte med søkarane og representantar for Norddal og Stranda kommune og fellesnemnda for nye Fjord kommune den 31.10. 2017. I dette møtet gjekk fylkesmannen gjennom saksgongen i utgreiingsarbeidet og milepælsplan med fristar.

Fylkesmannen har samla inn fakta for bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune frå mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune og SSB. Fylkesmannen har bedt Norddal kommune om å supplere faktagrunnlaget etter ei sjekklister. Stranda kommune og fellesnemnda i nye Fjord kommune blei også spurt om supplering av faktagrunnlag. Norddal kommune har sendt over sine opplysningar til faktagrunnlaget. Vi har også motteke innspel frå fellesnemnda i nye Fjord kommune.

På vegne av Fylkesmannen har Opinion AS i tidsrommet 15.01-30.01.2018 gjennomført ei innbyggerhøyring i form av telefonundersøking for innbyggerane i bygdene Norddal og Eidsdal. Vi har i dag motteke resultatet frå innbyggerhøyringa.

Fylkesmannen ber om følgjande vurdering frå Norddal kommunestyre

1. Kva for konsekvensar vil det gi for Norddal kommune (nye Fjord kommune) at bygdene Norddal og Eidsdal blir ført over til Stranda kommune.
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggerhøyringa.

Fylkesmannen ber i tillegg om uttale frå følgjande høyringspartar

1. **Stranda kommune** gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune.
2. **Fellesnemnda for nye Fjord kommune** gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune.
3. **Møre og Romsdal fylkeskommune** uttalar seg til ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune sett ut i frå eit regionalt perspektiv.
4. **Kartverket** vurderer om grensene som går fram av innbyggjarinitiativet har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

Frist for uttale er sett til **torsdag 15. mars 2018** og sendast til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Sluttmøte for søkarane, representantar frå Norddal og Stranda kommune og representant frå fellesnemnda i nye Fjord kommune er sett til:

Stad: Molde, Fylkeshuset

Dato: 21.03. 2018

Tid: kl. 12.30 til 14.00

Fylkesmannen gjer si vurdering og tilråding på bakgrunn av all informasjon som er motteke i saka. I følgje milepælsplana skal fylkesmannen sende tilrådinga til KMD **23. mars 2018**. Fylkesmannen vil same dag halde pressekonferanse om si tilråding.

MERK: Relevante vedlegg til saka er samanfatta i eit vedlegg. Sjå vedleggsoversikt nedanfor.

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi:

Else Ragni Ytterdal Gullsmedvegen 11 6214 NORDDAL

Adresseliste:

- Norddal kommune
- Stranda kommune
- Fellesnemnda i nye Fjord kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kartverket

Oversikt over vedlegg til saka:

1. Brev om vidare arbeid med grenseendringar frå KMD til Fylkesmannen, 09.05. 2017
2. Innbyggjarinitiativ med søknad for Norddal og Eidsdal, 26.06. 2016.
3. Oversending av grensejusteringssøknader frå Fylkesmannen til KMD, 09.06. 2017
4. Oppdragsbrev frå KMD til Fylkesmannen, 28.09. 2017
5. Utsending av faktagrunnlag med sjekkliste, brev frå Fylkesmannen, 21.11. 2017
6. Oppdatert faktagrunnlag; reiseavstandar, 17.11. 2017
7. Oppdatert faktagrunnlag frå SSB; pendlarstatistikk, 06.02. 2018
8. Innsendt faktagrunnlag frå Norddal kommune, 18.12. 2017
9. Innspel frå fellesnemnda i nye Fjord kommune, 18.12. 2017
10. Infoskriv om innbyggjarhøyring, 21.12. 2017
11. Rapport innbyggjarhøyring, 06.02. 2018